

Jørn Ø. Sunde på kollisjonskurs med forfattarane av boka På æren løs - bokmelding av Vidar

Haugland.

16.04.2020



Jørn Øyrehagen Sunde er ikkje samd med forfattarane bak boka På æren løs.

Jørn Øyrehagen Sunde er på kollisjonskurs med Æresretten etter krigen og forfattarane av boka På æren løs. Det handlar om forfattarane som hadde kontakt med okkupasjonsmakta og nazistane i krigsåra 1940 - 1945 og om det var rett av Forfattarforeningen å bed om orsaking for dei reaksjonane dei fekk straks etter krigen.

Set vi strek over delar av den norske historia om vi ber om orsaking til forfattarar som fekk reaksjonar frå Forfattarforeninga for å ha kontakt med okkupasjonsmakt og nazistar under 2.verdskrig?

Dette er kanskje det vesentlege i boka til Rem/Søbye/ Fløgstad. I 2018 var den norske Forfattarforening 125 år, og jubileumsseminaret på Grand hotell i Oslo vart opna med at leiaren, Heidi Marie Kriznik, bad om orsaking for den urett som mange forfattarar vart utsette for under Æresretten etter krigen.

Sette ho då, på vegne av styret, strek over ein del av den norske historia?

Boka gjev eit grundig tilbakeblikk på perioden som førte til vedtaket. Etter at verdskriga slutta i 1945, oppmoda Heimefronten alle kunstnarorganisasjonar til å ekskludere alle medlemer som hadde samarbeidd med okkupasjonsmakta eller nazistar under krigen. Den norske Forfattarforening nedsette då ein Æresrett.

Før retten møttest, var det nokre, mellom anna Knut Hamsun, Marie Hamsun og Marna Aall, som skjøna kor det bar og melde seg ut. Fire medlemer døydde før sakene deira kom opp. Reaksjonane, som vart vedtekne i eit utanomrettsleg system, ville berre ha verknad på dei forfattarane som valde å bli verande i Forfattarforeninga.

Reaksjonane i Æresretten var på 2 plan:

- Alle NS medlemer, 13 i alt vart ekskluderte
- 18 forfattarar, som på ulike vis hadde samarbeidd med fienden, fekk individuelle reaksjonar, avhengig av kva som var gjort. Reaksjonane handla mest om bøter eller 1 - 3 års karantene mot å utgi bøker.

Forfattarane kunne anke reaksjonane og grunngje sine syn. Nokre vart høyrd slik at reaksjonane vart sletta. Det vart mykje debatt om orsakinga, - mest i form av avisinnlegg.

På årsmøtet i Forfattarforeninga 24.mars 2019 spurde Kjartan Fløgstad om eit foreningsstyre utan vidare kan oppheve eit demokratisk fatta vedtak som foreninga hadde vedteke ca 70 år tidlegare. Styret svarte ja på spørsmålet hans, og Fløgstad tok konsekvensen av svaret og melde seg ut av Forfattarforeninga etter meir enn 50 år som medlem.

Forfattarane av boka sette seg saman og drøfta konsekvensane av utviklinga, og vart samde om at dei ville gå grundig inn i den historiske prosessen, m.a. historia til dei aktuelle forfattarane. Etter gjennomgangen meinte dei at dokumentasjonane gav bra grunnlag for reaksjonane i Æresretten, og at det er meiningslaust at Forfattarforeninga no, meir enn 70 år i ettertid, gjev uttrykk for at forfattarane vart urettvist straffa og difor må ha orsaking.

Alle som les denne interessante boka, vil automatisk tenkje sjølve og danne seg ei mening om Forfattarforeninga hadde grunnlag for ei slik orsaking. Boka fortel også at det var stor usemjø om reaksjonane mot den einskilde forfattar, t.d Hol/Geilo-forfattaren Olav Sletto, som fekk reaksjon av Æresretten for å ha teke imot kunstnarløn av nazistane og heldt fram med å gje ut bøker i krigsåra. Forfattarane av boka står opp om reaksjonane mot Sletto, medan t.d. professor Jørn Øyrehaugen Sunde, som har forska på Olav Sletto, definerer han som ein religiøs utopist og ikkjevaldsman som aldri kunne vere del av rørsler som nazismen.

Boka På æren løs gjev oss eit historisk bidrag til eit viktig tema etter krigen og tek nokre sentrale problemstillingar opp til debatt.

- Boktittel: På æren løs
- Forfattarar: Tore Rem, Espen Sæbye, Kjartan Fløgstad
- Tema: Krigen, litteraturen og æresretten
- Forlag: Forlaget Press, Oslo

Tekst: Vidar Haugland

Foto: Skjermbilete NRK/ Faksimile av framsida På æren løs

Nett: Kristian Bringedal

TORE REM ESPEN SØBYE KJARTAN FLØGSTAD PÅ ÆREN LØS



Krigen,
litteraturen og
Æresretten

press

Boka På æren løs handlar om krigsoppgjeret og nokre forfattarar.